Ungdomsskule og vaksenoppl				
Ordinær undervisning	42,54	42,33	40,69	-1,64
Vaksenopplæring	8,36	7,26	7,11	-0,15
Sum	50,90	49,59	47,80	-1,79
Helse, omsorg og velferd				
Buas	90,36	92,07	93,90	1,83
Heimeteneste distrikt	32,88	32,87	33,89	1,02
Barne- og familietenestene	30,60	31,30	34,55	3,25
NAV kommune	2,50	2,50	2,50	0,00
Samhandlingsreforma	0,80	1,20	0,80	-0,40
Bu- og rehabiliteringsteneste	59,06	58,29	58,94	0,65
Sum	216,20	218,23	224,58	6,35
Buas				
Fellesadministrasjon	5,30	4,50	4,50	0,00
Kjøkken	5,85	5,85	5,85	0,00
Institusjon	25,99	27,68	28,33	0,65
Sone 1	17,95	18,09	18,53	0,44
Sone 2	16,28	16,47	17,09	0,62
Sone 3	11,49	11,99	12,04	0,05
Buas natt	7,50	7,49	7,56	0,07
Sum	90,36	92,07	93,90	1,83
Heimeteneste distrikt				
Heimeteneste	29,00	28,99	30,50	1,51
Personlege assistentar	1,52	1,62	1,25	-0,37
Dagsenter for demente	2,36	2,26	2,14	-0,12
Sum	32,88	32,87	33,89	1,02
Barne- og familietenestene				
Administrasjon barne- og fam	2,70	3,70	3,80	0,10
PP-tenesta	5,50	5,50	5,58	0,08
Flyktningtenesta	3,00	3,20	3,50	0,30
Introduksjonsordninga for innv.			1,00	1,00
Legetenester	2,00	1,50	1,50	0,00
Helsestasjonen	7,35	7,35	8,35	1,00

	01.01.2017	01.01.2018	Budsjett 2019	Endr 18-19
Jordmor	0,75	0,75	0,75	0,00
Fysioterapi/ergoterapi	1,80	1,80	2,00	0,20
Frivilligsentralen	1,00	1,00	1,00	0,00
Barnevern	6,50	6,50	7,07	0,57
Sum	30,60	31,30	34,55	3,25
NAV kommune				
Adm.	2,50	2,50	2,50	0,00
Sum	2,50	2,50	2,50	0,00
Samhandlingsreforma				
Adm.	0,80	1,20	0,80	-0,40
Sum	0,80	1,20	0,80	-0,40
Bu- og rehabiliteringsteneste				
Adm.	2,60	2,60	2,20	-0,40
Ura	26,89	26,91	29,70	2,79
Krikane	7,71	7,70	0,00	-7,70
Klokkehaugen	8,80	8,81	17,20	8,39
Avlastingsbustad	1,28	1,28	0,28	-1,00
Haugbukta dagsenter	4,10	4,31	3,38	-0,93
Psykisk helseteam	7,68	6,68	6,18	-0,50
Sum	59,06	58,29	58,94	0,65
Kultureininga				
Kulturadministrasjon	1,00	1,00	1,00	0,00
Musikkleiar	0,67	0,67	0,50	-0,17
Sykkylven symjehall	0,64	0,64	0,64	0,00
Velledalen symjehall	0,34	0,34	0,34	0,00
Storhallen	1,09	1,09	1,09	0,00
Adm. Kommunale anlegg	0,00	0,00	0,00	0,00
Idretts- og friluftsliv	1,00	1,00	1,00	0,00
Barne- og ungdomstiltak	0,17	0,17	0,17	0,00
Sykkylven kino	0,54	0,54	0,54	0,00
Biblioteket	2,00	2,00	2,00	0,00
Musikk og kulturskolen	3,90	3,91	4,42	0,51
Sum	11,35	11,36	11,70	0,34
Næring og teknisk				
Næring	0,00	0,00	0,00	0,00
Fellesadministrasjon teknisk	5,00	4,25	5,00	0,75
Byggesaker/-kontroll	1,00	1,75	1,00	-0,75
Oppmåling	1,00	1,00	1,00	0,00
Miljøvern	0,50	0,50	0,50	0,00
Landbruk	1,50	1,50	1,50	0,00
Brann- og redningskorpset	1,00	1,00	1,00	0,00
Feiarvesenet	1,00	1,00	1,00	0,00
Administrasjon bygningar	1,00	1,00	1,00	0,00
Bygningsdrift	13,44	13,10	13,10	0,00
Kommunale vegar	2,00	3,00	3,00	0,00
Parkar og grøntanlegg	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum	27,44	28,10	28,10	0,00
Sentrale styringsorgan				
Adm i kommuneleiinga	10,60	10,50	10,50	0,00
Adm i Fellestenestene	14,30	13,80	13,80	0,00
Andre stillingar K.leiing/Fellesten.	6,22	5,82	5,82	0,00
Sum	31,12	30,12	30,12	0,00
Kommuneleiinga				
Kommuneleiinga	4,00	4,00	4,00	0,00
Rådgjevarar	3,00	3,00	3,00	0,00


	01.01.2017	01.01.2018	Budsjett 2019	Endr 18-19
Økonomi	3,60	3,50	3,50	0,00
Prosjektstillingar	0,40	0,00	0,00	0,00
Sum	11,00	10,50	10,50	0,00
Fellestenestene				
Fellestenestene adm	14,30	13,80	13,80	0,00
Lærlingeordninga	4,00	4,00	4,00	0,00
Tillitsvalde	1,82	1,82	1,82	0,00
Sum	20,12	19,62	19,62	0,00

Administrasjon (F120 KOSTRA)	01.01.2017	01.01.2018	Budsjett 2019	Endr 18-19
Kommuneleiinga	4,00	4,00	4,00	0,00
Rådgjevarar	3,00	3,00	3,00	0,00
Økonomi	3,60	3,50	3,50	0,00
Prosjektstillingar	0,40	0,00	0,00	0,00
Fellestenestene adm	14,30	13,80	13,80	0,00
Sum	25,30	24,30	24,30	0,00

Andre einingar	01.01.2017	01.01.2018	Budsjett 2019	Endr 18-19
Kultureininga	11,35	11,36	11,70	0,34
Teknisk	27,44	28,10	28,10	0,00
Kommuneleiing	11,00	10,50	10,50	0,00
Fellestenestene	20,12	19,62	19,62	0,00
Sum	69,91	69,58	69,92	0,34

15 Barnehagar

	Rdm 2019	Eining 2019	B 2018	R 2017
Netto utgifter	63 028 874	64 878 321	60 834 478	61 423 254



	Rdm 2019	Eining 2019	B 2018	R 2017
Driftsinntekter	-7 150 300	-7 150 300	-6 535 900	-9 684 594
Driftsutgifter	70 179 174	72 028 621	67 370 378	71 167 322
Finansinntekter	0	0	0	-119 573
Finansutgifter	0	0	0	60 099
Netto driftsutgifter	63 028 874	64 878 321	60 834 478	61 482 728
Netto finansutgifter	0	0	0	-59 474
Netto utgifter	63 028 874	64 878 321	60 834 478	61 423 254

Barnehagesektoren samla	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022	Sum
--------------------------------	---------	---------	---------	---------	-----

Innlagde tiltak:

Summen av tiltak	1 616 508	1 616 508	1 616 508	1 616 508	6 466 032
------------------	-----------	-----------	-----------	-----------	-----------

Rådmannens kommentarar:

15.1 Kostnadsnivå:

Dei totale utgiftene for barnehagesektoren i Sykkylven var på 61,4 million kroner i 2017 (siste tilgjengelege statistikk). Av dette gjekk 32,6 million kroner i tilskot til dei fire private barnehagane.

Statistikken for 2017 viste vidare at Sykkylven kommune låg over landssnittet i høve kostnadar til barnehagedrift. Ei årsak kan vere at 3 av dei 5 kommunale barnehagane er relativt små einingar, noko som medfører større driftskostnader per barn. Dette får dobbelt negativ kostnadseffekt ved at det utløyer større tilskot per barn til dei private barnehagane. Men biletet er ikkje eintydig. Indikatorane i den siste KOSTRA-statistikken syner at Sykkylven kostnadmessig ligg om lag «midt på treet» blant kommunane på Sunnmøre.

Samtidig har kommunen klart å redusere samla barnehagekostnader per barn. For inneverande år gjekk derfor tilskotet til private barnehagar ned med ca. 3 million kroner, og i 2019 vil driftstilskotet til dei private barnehagane bli

ytterlegare redusert frå kr 214 037 til kr 206 506 per småbarn, og frå kr 103 758 til kr 97 679 per storbarn. Totalt reknar kommunen med å redusere tilskota til dei private barnehagane med 1,4 million kroner i 2019.

15.2 Utvikling:

For to år sidan var det nøyaktig 400 barnehagebarn i Sykkylven (teljedato 15.12.2016). Av desse gjekk 214 i ein privat barnehage, medan 186 gjekk i kommunal barnehage. Altså klar overvekt i private barnehagar. På grunn av lågare fødselstal er talet på barnehagebarn no (november 2018) redusert til 377. Av desse går 185 i ein privat barnehage, medan 192 går i kommunal barnehage. Vi ser altså at det er dei private barnehagane som har måtta tole nedgangen i barnetal dei siste par åra. Per dato er det berre fem ledige plassar totalt i dei kommunale barnehagane. Av barnehagane er det Ikornnes FUS som har flest ledige plassar. I sentrumsregionen er det berre tre ledige plassar (1 småbarn/2 storbarn). At dei kommunale barnehagane dei siste par åra har makta å auke barnetalet, trass i nedgang i barnetalet totalt, tyder på at dei vert sett på som gode og attraktive barnehagar. Det er i dag ni barn som står på venteliste, enten fordi dei ønskjer oppstart etter nyttår eller fordi barnehagen dei ønskjer plass ved er full. Åtte av desse ønskjer plass i ein kommunal barnehage.

15.3 Prognose:

I fylgje Statistisk sentralbyrå vil reduksjonen i talet på barn i alderen 0-5 år fortsetje fram til 2023. Deretter vil barnetalet i Sykkylven stabilisere seg, eller kanskje auke litt. Men folketalsframskrivingar er som kjent usikre. I 2017 var det eit rekordlavt fødselstal i Sykkylven i (55 barn). Tal frå helsestasjonen syner at 2018 også vert eit år med lavt fødselstal. Per 1. oktober var det fødd 46 barn i Sykkylven i 2018. Sidan talet på barn med lovfesta rett til barnehage blir rekna frå desember-desember, er det til no 48 nye barn med rett til barnehageplass hausten 2019. Postadressene til barna fordeler seg slik (inkl. to barn fødd i desember 2017):

	Per oktober 2018	(Tilsvarande per okt. 2017)
6220	4 barn	(8 barn)
6222	9 barn	(3 barn)
6224	6 barn	(1 barn)
6230	29 barn	(33 barn)
SUM	48 barn	(45 barn)

Dette tyder på at Ikornnes/Hundeidvik (6222/6224) får bra tilgang på nye barn, medan Straumgjerde/Velledalen (6220) kan få halvert fødselstalet samanlikna med 2017.

Av dei 377 barna som i dag har barnehageplass er det 82 barn som skal over til skule komande år. Inneverande år var det 94 barn som gjekk over til skule.

Konklusjonen er difor at talet på barnehagebarn vil gå ytterlegare ned i 2019.


I budsjettutkastet for 2019 foreslår rådmannen å fjerne tiltaket om nedlegging av kommunale barnehagar (jf vedteken økonomiplan). Nedgangen i fødselstal er sjølvstekt ei stor utfordring. Men dei kommunale barnehagane har vist seg «konkurransedyktige» dei siste par åra, samtidig som administrasjonen ønskjer å oppretthalde eit barnehagetilbod ute i krinsane. Eventuelle tiltak bør eventuelt ikkje setjast i verk før ein ser resultatet av hovudopptaket for barnehageåret 2019/2020.

I høve dei konkrete budsjetttiltaka frå barnehagane er det dessverre lite rådmannen har funne plass til i denne omgang. Alle barnehagane har peika på utfordringar knytt til IT-utstyr, og rådmannen har i sitt utkast til investeringsbudsjett lagt til grunn at barnehagane skal vere med i fordelinga av den utstyrsporten som er ført opp der. Det er behov for opprusting av kjøkkenet på Ullavik barnehage. Det er ikkje sett av midlar til utbetring av uteområde i nokon av barnehagane, heller ikkje styrking av vikarbudsjett eller auka administrasjonsressurs.

Rådmannen tilrår likevel ein auke i det samla budsjettet til barnehagedrift. Dette er grunnleggjande nærare i budsjettkommentaren frå barnehageadministrasjonen. Det er grunn til å peike på at dette likevel IKKJE er snakk om administrative utgifter, men kostander knytt til auka spesialpedagogiske behov, bruk av private barnehagar i andre kommunar og rett til redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid for husstandar med skattbar årsinntekt under kr. 533 333,-.

16 Grunnskulen:

	Rdm 2019	Eining 2019	B 2018	R 2017
Netto utgifter	99 102 285	103 106 848	101 898 429	95 235 875



	Rdm 2019	Eining 2019	B 2018	R 2017
Driftsinntekter	-9 994 500	-9 994 500	-10 519 000	-19 989 196
Driftsutgifter	108 035 245	112 039 808	111 355 889	114 269 009
Finansinntekter	0	0	0	-219 767
Finansutgifter	1 061 540	1 061 540	1 061 540	1 175 829
Netto driftsutgifter	98 040 745	102 045 308	100 836 889	94 279 813
Netto finansutgifter	1 061 540	1 061 540	1 061 540	956 062
Netto utgifter	99 102 285	103 106 848	101 898 429	95 235 875

Grunnskulen	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022	Sum
--------------------	---------	---------	---------	---------	-----

Innlagde tiltak:

Summen av tiltak	900 000	900 000	900 000	900 000	3 600 000
------------------	---------	---------	---------	---------	-----------

Rådmannens kommentarer:

16.1 Elevutvikling

Utviklinga i elevtalet i grunnskulen i Sykkylven kan vi lese av denne tabellen:

Elevar i grunnskulen	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2015/16	2016/17	2017/18	2018/19
Kommunale barneskular	695	644	632	622	614	605	582	584
Ungdomsskulen	304	316	330	355	328	318	300	283
SUM	999	960	962	977	942	923	882	867
Friskular	43	89	88	75	85	92	97	118
Totalt elevkull	1042	1049	1050	1052	1027	1015	979	985

Vi ser at elevtalet totalt i kommunen er litt høgare dette skuleåret enn i fjor. Auka inntak ved friskulane gjer likevel at elevtalet i kommunale skular går ned med 1,7 % i høve fjoråret. Nedgangen fordeler seg over fleire skular og fleire klasser, men ungdomsskulen har inneverande skuleår eit 8. trinn (76 elevar) med tre parallellar i staden for fire i år. Hausten 2019 vert 8. trinnet på 117 elevar, og det må vurderast å ha fem parallellar.

16.2 Nøkkeltal

Nokre nøkkeltal oppvekstområde grunnskule henta frå Kostra 2017 (siste tilgjengelege):

	Sykkylven	Kostragr.07	Møre og Romsdal	Landet u/Oslo
Netto driftsutg. gr.skule pr. innbyggjar 6-15 år (kr)	110 869	102 946	112 184	107 654
Netto driftsutg. SFO, pr. innbyggjar 6-9 år (kr)	4 373	3 592	3 634	3 878
Netto driftsutg. VO, pr. innbyggjar (kr)	447	132	386	260
Elevar i kommunale og private grunnskular som får spesialundervisning (%)	9,6	7,1	8,9	7,9
Andel lærarar som er 50 år og eldre i %	18,8	18,3	17,9	18,9
Andel lærarar som er 60 år og eldre i %	14,8	9,9	12,8	11,0

Sykkylven auka driftsutgiftene i grunnskulen pr. innbyggjar 6-15 år frå kr 102 160 i 2016 til kr 110 869 i 2017. I budsjettet for 2018 la kommunen inn ei større innsparing knytt til nedlegging av Tandstad skule, og det er grunn til å tru at det vil få innverknad på denne faktoren i Kostra-oversikta for åra framover.

Utgiftene til vaksenopplæring er framleis høge samanlikna med spesielt K07 og landet u/Oslo. Opplæringscenteret har lite stordriftsfordelar og må ofte drive med små grupper for å tilpasse norskopplæringa for personar som har alt frå ingen skulebakgrunn til universitetsutdanning. Det har også dette året kome færre flyktningar for busetting i kommunane, inkludert Sykkylven. På denne bakgrunn er det klart at økonomien ved Opplæringscenteret er ei utfordring, og ei justering av drifta vil vere eit hovudarbeidsområde for administrasjonen det komande året. Ikkje minst blir det viktig å sjå på den samla ressursbruken ved Sykkylven ungdomsskule og opplæringscenter, og gjere interne vurderingar av behov og ressursbruk.

Det er framleis fokus på å gi spesialundervisning til dei elevane som har behov for dette, samtidig som auka tilrettelegging og inkludering innanfor ordinær undervisning vert nytta i større grad. Nyare forskning viser at det å gi mest mogleg tilrettelegging og tilpassing inne i klasserommet gir betre resultat for elevane. Dette krev gjerne auka lærartettleik i klasserommet og rom for fleksibel organisering av undervisninga.

16.3 Lærarnorm

Frå skuleåret 2018/19 er det innført krav til forholdstal mellom talet på elevar og lærarar i grunnskulen (ordinær undervisning) – såkalla LÆRARNORM. Krava dette skuleåret er ein faktor på maks. 16 elevar per lærar på 1.-4. trinn og maks. 21 elevar per lærar på 5.-10. trinn. Frå hausten 2019 vil krava vere hhv. 15 elevar pr. lærar for 1.-4. trinn og maks. 20 elevar for 5.-10. trinn.

Når det gjeld lærarnorma er situasjonen ved våre skular pr. 1.oktober slik:

	Aure	Sørestranda	Ullavik	Vik	SUSK
småsteg	12,3	13,3	15,0	14,8	
mellomsteg	16,0	15,3	30,6	13,4	
ungdomssteg					22,5

Vi ser at vi ikkje oppfyller lærarnorma på to av avdelingane – mellomsteget ved Ullavik skule og på SUSK. Vi ser vidare at vi overoppfyller lærarnorma på nokre av dei andre avdelingane. Rådmannen har på bakgrunn av dette starta eit arbeid knytt til vurdering av ressursfordelinga mellom skulane, basert på omforente og konkrete faktorar. Viss vi ser på kommunen under eitt, er det ikkje tvil om at vi oppfyller lærarnorma – men vi må altså vurdere fordelinga av midlane etter behov.

I tillegg er det i rådmannen sitt budsjettutkast sett av kr. 900 000 på fellesområdet for skulane for 2019. Tanken er at desse midlane skal fordelast på dei skulane som har størst behov, og at dette – saman med nokre interne konsekvensjusteringar mellom einingane på inneverande budsjett – skal føre til ei meir «rettferdig» fordeling av midlane allereie i komande år.

Det er viktig å huske på at denne faktoren, lærarnorma, berre vurderer tilhøva i ordinær undervisning, dvs. at spesialundervisninga er halden utanfor. Storleiken på dette kan variere vesentleg frå skule til skule. Viss vi skal få eit fullstendig bilde av ressursituasjonen ved skulane, må vi også måle andre faktorar enn det lærarnorma fangar opp. Det er heller ikkje slik at lærarnorma skal oppfattast som ei øvre, optimal grense som kommunane bør prøve å nærme seg.

16.4 Satsingsområde i grunnskulen

16.4.1 Læringsmiljøprosjekt

Sørestranda og Vik skular har blitt oppmoda om å bli med i læringsmiljøprosjektet, saman med «avgivar»-barnehagane Vik barnehage og Blakstad naturbarnehage av fylkesmannen. Bakgrunnen for oppmodinga var relativt høge tal når det galdt mobbing i Elevundersøkinga i perioden 2014-2016. I prosjektperioden 2018-2020 får skulane direkte rettleiing frå eksterne fagpersonar frå Læringsmiljøsentret. I tillegg skal det haldast lokale samlingar, der vi vel å invitere med alle barneskulane i kommunen, inkludert friskulane. 16 personar frå skulane, barnehagane, PPT og frå kommunenivå får også reise til nasjonale samlingar på Gardermoen ein gong pr. semester. Alt av kursing, rettleiing, reise og opphald er dekt av Utdanningsdirektoratet etter krav om refusjon. Utgifter for kommunen er eventuelle vikarkostnader og servering ved lokale samlingar. Det er ikkje knytt eigne prosjektmidlar til denne satsinga.

16.4.2 Språkkommune

Prosjektperioden for satsinga gjekk ut ved nyttår 2017, men skulane har fokus på å sette av tid i personalet til Språkløyper. Fokus ligg framleis på auka leseferdigheit. Skulane har i 2018 fått resterande prosjektmidlar fordelt (30 000 kr pr. skule) til å bruke på personar som skal ha ekstra ansvar for dette arbeidet.

16.4.3 Tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid

I 2018 har 6 tilsette frå ulike einingar i Barne- og familietenestene, saman med tilsette frå Ålesund kommune, blitt kursa i modulen Foreldrerettleiing som del av implementeringa av TIBIR (Tidlig innsats for barn i risiko). PMTO-terapeutane våre har stått for kursinga, saman med fagpersonar frå NUBU (Nasjonalt utviklingssenter for barn og unge, tidlegare Atferdssenteret) og Ålesund. Ifølgje implementeringsplanen vedteken i PS 65/16 i formannskapet 7. september 2016, er neste modulen Konsultasjon, som skal innførast i løpet av 2019. Denne inneber fire kursdagar for tilsette som har gjennomført modulen Foreldrerettleiing.

16.4.4 Innføring av ny overordna del til læreplanverket, førebu fagfornyinga

Ny overordna del av læreplanverket er fastsett av regjeringa, men er ikkje sett i verk enno. Skulane må førebu seg på dei nye læreplanane framover. Dei skal takast i bruk frå hausten 2020, og då må skulane ha ei mest mogleg felles forståing av tolking og bruk av desse planverka. I samband med denne fagfornyinga, må ein også sjå innkjøp av nye læremiddel / digitale verkty.

16.4.5 Kompetanse for kvalitet (KfK) – vidareutdanning for lærarar

Dei nye kompetansekrava som skal innførast frå 1. august 2025, krev at kommunen legg til rette for at lærarar som treng vidareutdanning, får tilbod om det. Krava vert at lærarar som skal undervise i faga norsk, engelsk og/eller

matematikk, må ha minimum 30 studiepoeng (stp.) i faga på barneskulen og 60 stp. på ungdomstrinnet. Skuleeigar skal dekke reise, opphald og læremiddel, medan kommunen får tilført 192000,- i vikarmidlar for faga norsk og engelsk, og 240 000,- for matematikk og naturfag frå Utdanningsdirektoratet over to semester. Lærarane skal ha nedsett arbeidstid med 37,5% til studiet.

I 2018/19 har vi 8 lærarar i utdanning innanfor KfK, inkludert ein på lærarspesialistutdanning: 6 personar (3 i norsk 2, 2 i matematikk 1 og 1 i engelsk 1) via regionalt tilbod gjennom ein avtale mellom 11 kommunar i Nordre Sunnmøre, Sunnmøre Regionråd og NTNU. Vidareutdanningane vert då haldne i Ålesund, på Vestnes og i Molde. Totalt får kommunen tilført 744 000 kr i vikarmidlar for våren 2019, i tillegg til 160 800 kr for studieavgift til regional studieordning.

Avtalen om regionale tilbod som Sunnmøre Regionråd har framforhandla på vegner av 11 kommunar i regionen og NTNU, gjeld år for år med grunnlag i kartlagt behov, men i utgangspunktet fram til 2025. Sykkylven er forplikta til å stille med minst tre personar til dei tilboda som vert oppretta, elles må vi betale studieavgifta på 53 600 kr. pr person i manko. Totalt må der vere minimum 20 personar som melder seg pr. studie.

Ifølgje GSI per 1. oktober 2018 er det kartlagt slik behov for vidareutdanning:

Talet på lærarar som underviser i faga i 2018/19	Barneskule			Ungdomsskule			
	<30 stp	0-29 stp	SUM	<60 stp	30-59 stp	0-29 stp	SUM
Norsk	39	4	43	8	2	3	13
Engelsk	18	5	23	9	2	1	12
Matematikk	29	12	41	8	1	3	12

Dei utheva/kursiverte tala i tabellen viser kor mange lærarar som underviser i faga dette skuleåret, som ikkje ville fylle kompetansekrava frå 1.8.2025. Nokre av desse underviser berre dette skuleåret, andre kjem til å gå av med pensjon før kravet vert gjeldande, og ønskjer difor ikkje å ta vidareutdanning. Dei reelle tala er difor noko lågare, men viser likevel behov for meir vidareutdanning, spesielt på barnetrinnet og i faget matematikk. Det er avgjerande at kommunen som skuleeigar følgjer opp dette.


Når det gjeld mange av dei konkrete tiltaka som er foreslått av einingane, så har dessverre rådmannen ikkje funne rom for det meste av dette. Fleire av tiltaka er knytt til satsing/utvikling innan IT, og dette vil bli vurdert i samband med den felles IT-potten som rådmannen har med i sitt utkast til investeringsbudsjett. Ein del av ønskja som er knytt til auka undervisningsressursar – spesielt ved Sykkylven ungdomsskule, har rådmannen delvis prøvd å etterkome gjennom interne konsekvensjusteringar i skulane sine budsjett, samt eit tiltak med ein justeringspott på kr. 900 000,- som skal fordelast skulane etter behov.

16.5 Ny sentrumsskule

Rådmannen vil kome med ei eiga sak om ny sentrumsskule.

17 Helse, omsorg og velferd:

	Rdm 2019	Eining 2019	B 2018	R 2017
Netto utgifter	191 591 287	202 735 976	183 386 715	167 895 555



	Rdm 2019	Eining 2019	B 2018	R 2017
Driftsinntekter	-38 006 300	-38 006 300	-35 474 600	-49 073 325
Driftsutgifter	230 625 587	241 770 276	219 894 315	214 762 775
Finansinntekter	-1 250 000	-1 250 000	-1 255 000	-419 314
Finansutgifter	222 000	222 000	222 000	2 625 419
Netto driftsutgifter	192 619 287	203 763 976	184 419 715	165 689 450
Netto finansutgifter	-1 028 000	-1 028 000	-1 033 000	2 206 105
Netto utgifter	191 591 287	202 735 976	183 386 715	167 895 555

Helse og omsorg	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022	Sum
------------------------	---------	---------	---------	---------	-----

Innlagde tiltak:

Summen av tiltak	3 678 106	3 995 764	3 995 764	3 995 764	15 665 398
------------------	-----------	-----------	-----------	-----------	------------

Rådmannens kommentarer:

17.1 Einingar innan Helse, omsorg og velferd

Helse, omsorg og velferd omfattar følgjande einingar:

Sykkylven bu- og aktivitetssenter (BUAS), Heimetenestene distrikt, Barne- og familietenestene, Bu- og rehabiliteringstenestene, NAV kommune, kommuneoverlege, legetenesta og koordinerande eining. Samhandlingsreforma er og eige ansvar innan Helse og omsorg.

Einingane yter tenester til brukergrupper som er svært ulike i alder, behov, funksjonsnivå og diagnosar: «frå vugge til grav». Helse- og omsorgstenestene i kommunen dekkjer eit vidt spekter av kommunale tenester. Kommunens ansvar er gitt i § 3-1 i Helse- og omsorgstenesteloven der det mellom anna står at:

«kommunen skal sørge for at personer som oppholder seg i kommunen, tilbys nødvendige helse- og omsorgstjenester. Kommunens ansvar omfatter alle pasient- og brukergrupper, herunder personer med somatisk eller psykisk sykdom, skade eller lidelse, rusmiddelproblem, sosiale problemer eller nedsatt funksjonsevne. Kommunens ansvar etter første ledd innebærer plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere virksomheten, slik at tjenestenes omfang og innhold er i samsvar med krav fastsatt i lov eller forskrift.»

Vidare har kommunen viktige oppgaver etter Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtjenesteloven): »*Formålet med loven er å bedre levekårene for vanskeligstilte, bidra til sosial og økonomisk trygghet, herunder at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig, og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltakelse i samfunnet. Loven skal bidra til at utsatte barn og unge og deres familier får et helhetlig og samordnet tjenestetilbud. Loven skal bidra til likeverd og likestilling og forebygge sosiale problemer.*

§ 3. Kommunens ansvar

Kommunen er ansvarlig for å utføre oppgavene etter denne loven som ikke er lagt til et statlig organ, og å yte tjenester etter loven til alle som oppholder seg i kommunen.»

KJERNEOMRÅDE innan Helse, omsorg og velferd er:

17.1.1 Sykkylven bu- og aktivitetssenter (BUAS)

- Institusjon
- Sone 1,2 og 3 med heimesjukepleie, praktisk bistand og natteneste
- Avlastning, Korttids-/rehabiliteringsavdeling og Skjerma avdeling
- Produksjonskjøkken
- Vaskeriteneste

17.1.2 Heimetenestene (Distrikt 1 og 2):

- Nattpatrulje
- Omsorgsløn til personar med særlig tyngjande omsorgsoppgåver
- Brukarstyrt personlig assistent (BPA)
- Heimevaktmester
- Formidling av hjelpemiddel
- Sakshandsaming
- Dagsenter for personar med demens
- Dagsenter for eldre
- Demensteam
- Kreftkoordinator

17.1.3 Barne- og familietenestene

- Helsestasjon- og skulehelseteneste
- Jordmor
- Kommunepsykolog
- Barnevernteneste inkl. barnevernvakt
- Flykntingteneste
- PPT
- Frivilligsentralen og Fønix aktivitetshus
- Kommunepsykolog
- Ergoterapeut
- Kommunefysioterapeut
- Driftsavtalar privatpraktiserande fysioterapeutar
- Sals- og skjenkekontroll
- Spesialpedagogar i barnehage (adm.)

17.1.4 Bu- og rehabiliteringstenestene

- Rus- og Psykisk helseteam
- Bustadgrupper for brukarar både i private og kommunale omsorgsbustadar

- Haugbukta dagsenter
- Avlastningsbustad for heimebuande barn og unge
- Avlastningstilbod hos private for heimebuande born og unge med ulike funksjonshemmingar
- Sakshandsaming, tildeling og oppfølging av støttekontaktar

17.1.5 NAV kommune

NAV har 2 forvaltningsnivå i sin organisasjon: den statlege og den kommunale.

Kommunen har ansvaret for dei sosiale tenestene ved NAV-kontoret. Lover og forskrifter fastset kva for teneste og tiltak kommunane har ansvar for: å fremje økonomisk og sosial tryggleik, betre levekåra for vanskelegstilte, bidra til auka likeverd og likestilling og førebyggje sosiale problem.

Arbeids- og velferdsdirektoratet informerer kommunene i det årlege Kommunebrevet. Dette omfattar nasjonale mål, regjeringa sine satsingsområde og tilskotsmidler innanfor området levekår og sosiale tenester. Tilskot gitt over statsbudsjettet til dei sosiale tenestene er verkemiddel for å nå dei nasjonale måla. Den einskilde kommune avgjer, i samråd med Arbeids- og velferdsetaten, kva for kommunale teneste som skal inngå i NAV-kontoret, utover det lovpålagte minimum. Minimumsløysing omfattar kvalifiseringsprogrammet, sosialhjelp, opplysning, råd og rettleiing, midlertidig husvære, økonomisk rådgjeving og tilbod om individuell plan.

Leiar ved NAV Sykkylven er og leiar ved NAV Stranda. Sykkylven kommune har ei minimumsløysing etter sosialtenestelova.

17.1.6 Koordinerande eining

Koordinerande eining er retta mot personar som har samansette og langvarige behov for tenester, og skal sikre at desse opplever ei samanhengande behandlingsteneste. Dette gjeld både mellom kommunale einingar, samt i møte med helseføretak og statlege/private institusjonar.

For den einskilde vil det vere berekrafta i totaltilbodet for tiltak og teneste som avgjer korleis kommunen sine helse- og omsorgsteneste vert opplevd.

17.1.7 Kommuneoverlege

Kommuneoverlegefunksjonen er ein sentral og viktig teneste i kommunen sitt arbeid innanfor mange fagområde. Dei samfunnsmedisinske oppgåvene er i hovudsak desse:

- Smittevern.
- Miljørettet helsevern (MHV)
- Medisinskfaglig rådgivning
- Helsemessig og sosial beredskap.
- Legeundersøkelse etter lov om tvungent psykisk helsevern

17.1.8 Legetenesta

Legetenesta i kommunen er svært viktig i kommunen si helse- og omsorgsteneste. Legane har ei sentral rolle til den einskilde pasient og deira pårørande, men og til samhandling og samarbeid mellom einingane innan. Legetenesta er svært viktig i den vidare utviklinga av kommunehelsetenesta. Med ei aukande eldre befolkning som har samansette og komplekse sjukdomsbilete, samhandlingsreforma i høve somatikk og rus/psykiatri, og det at meir og meir sjukdom skal behandlast i kommunen, gjer at det vil bli auke i behov for legeteneste framover. Dette er og konklusjonen i kommunen sin Legeplan frå 2015.

Sykkylven kommune har i dag individuelle fastlegeavtaler med 6 legar. Legane har arbeidsstad ved Sykkylven Legetjeneste AS. Nokre av fastlegane har i tillegg avtale med kommunen om off. legeoppgåve som helsestasjonslege og tilsynslege ved institusjon.

I 2017 inngjekk kommunen ny avtale om legevaktteneste utanom kontortid med Sykkylven Legetjeneste AS. Avtalen fekk verknad frå 1.7.2017, med varigheit i 2 år og med opsjon for kommunen å forlange i ytterlegare 1 + 1 år. Kontraksverdi er årleg kr 1 525 000, og inkluderer alle kostnader knytt til legevakt utanom kontortid bortsett frå LV-sentral og medisinsk naudnett og naudkommunikasjon som kommunen dekkjer sjølv.

KOSTRA tal pr. 7.juni 2017, syner og at legedekninga i Sykkylven er ein del lågare enn mediankommunen. Etter legeplanen for Sykkylven kommune skal kommunen ha 8 legeheimlar til befolkninga (ei auke på 2 heimlar frå i dag).

Hausten 2018 vart det i PS sak 78/18 fatta følgjande vedtak i kommunestyret vedkomande legetenesta:

1. Rådmannen får fullmakt til å opprette eit kommunalt legesenter med ledige legeheimlar.
2. Etablering og drift av nytt kommunalt legesenter inkl. oppretting av nye fastlønna legestillingar og stillingar for hjelpepersonell, vert å ta med i budsjett 2019.
3. Den tidsavgrensa avtalen om turnuslege mellom Sykkylven kommune og Sykkylven legesenter AS for tidsrommet 01.01.2016 – 01.03.2019, vert avslutta 01.03.2019.
4. Det skal settast i gang ein prosess med å finne egna lokale til eit kommunalt legesenter.
5. Sykkylven kommune tek tilbodet om kjøp av Sykkylven Legetjeneste AS til vitande, og gir rådmannen fullmakt til vidare forhandlingar. Frist for å avslutte forhandlingane vert sett til 01.01.2019.

17.2 Kommunalt legesenter 2019

2 tidsavgrensa avtalar med Sykkylven Legetjeneste as går ut i 2019:

		Årleg	2019
Daglegevaktavtalen (Korr beredskapgodtgj for 2019.)	1.1.2016 - 31.12.2018	722 622	461 250
Turnuslegeavtalen - kontorleige. 10 mnd 2019	1.1.2016 - 28.2.2019	642 589	535 490
Sum tidsavgrensa avtalar med Sykkylven kommune		1 349 538	996 740

Pkt 2 i PS sak 78/18. I samband med oppretting av kommunalt legesenter nyttar Sykkylven kommune KS advokat i høve styringsrett av ein oppsagt legeheimel. Kommunen ønskjer å nytte den oppsagte heimelen til å opprette 2 nye kommunale legestillingar.

For kommunen er det kommunens overordna ansvar for innbyggjarane sine helse og omsorgsteneste definert i § 3-1 i Helse- og omsorgstenesteloven som er den overordna føringa:

«kommunen skal sørge for at personer som oppholder seg i kommunen, tilbys nødvendige helse- og omsorgstjenester. Kommunens ansvar omfatter alle pasient- og brukergrupper, herunder personer med somatisk eller psykisk sykdom, skade eller lidelse, rusmiddelproblem, sosiale problemer eller nedsatt funksjonsevne. Kommunens ansvar etter første ledd innebærer plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere virksomheten, slik at tjenestenes omfang og innhold er i samsvar med krav fastsatt i lov eller forskrift.»

I PS sak 78/18 varsla rådmannen at ein ville kome attende til saka i budsjettutkast for 2019. Etter som kommunestyret vedtok at ein skulle halde fram forhandlingane med Sykkylven Legetjeneste AS og kommunen dermed er i ein forhandlingssituasjon, er det lite tenleg å vere detaljert når det gjeld utgifter og inntekter. Dette kjem ein attende til.

Pkt 3 i PS sak 78/18: Sykkylven kommune har «fått fritak» frå Fylkesmannen i høve mottak av LIS 1 lege for neste periode i høve etableringsperiode for kommunalt legesenter. Neste LIS 1 lege i Sykkylven kommune vert frå 1.9.2019 ved det kommunale legesenteret.

Pkt 4 i PS sak 78/18: Sykkylven kommune har ute annonse om leige/evt. kjøp av lokale til legekantor med frist for å svare 9.11.2018.

Pkt 5 i PS sak 78/18: Sykkylven kommune er i forhandling om muleg kommunal overtaking av Sykkylven Legetjeneste AS.

17.3 Behov og tiltak innan Helse og omsorg

Rådmannen syner til einingsleiarane sine grundige kommentarar. Det blir utført mykje godt og viktig arbeid innan helse, omsorg og velferd og det er peika på behov for ei rekkje viktige tiltak for budsjettet for 2019. Jfr. einingsleiarane sine budsjettkommentarar og udekkka behov/tiltak for budsjettet for 2019 i eige vedlegg til budsjettet.


Tiltaka som einingane ber om, er i tråd med dei nasjonale og også kommunen sine lokale satsingsområde.

Rådmannen ser ikkje å kunne storparten av dei ønska og viktige driftstiltaka frå einingsleiarane. Av udekkka behov/nye tiltak tilrår rådmannen følgjande tiltak for Helse, omsorg og velferd for budsjettet for 2019:

	2019	2020	2021	2022
BUAS				
Buas - styrking	1 980 000	1 980 000	1 980 000	1 980 000
Heimetenestene Distrikt				
Ingen nye tiltak				
Bu- og rehabiliteringstenestene				
Ny brukar - nettosum (etter motteken refusjon)	739 447	739 447	739 447	739 447
Barne- og familietenestene				
Styrking barnevernstenesta 1 årsverk	358 659	676 317	676 317	676 317
TIBIR - Attendeføring til ramme	50 000	50 000	50 000	50 000
Leigekostnader legekantor?				
NAV				
Auke driftskostnader	50 000	50 000	50 000	50 000
Auke i sosialhjelp og kvk-programmet	500 000	500 000	500 000	500 000

18 Kultur:

	Rdm 2019	Eining 2019	B 2018	R 2017
Netto utgifter	10 188 150	12 006 492	10 199 786	11 487 868



	Rdm 2019	Eining 2019	B 2018	R 2017
Driftsinntekter	-3 521 000	-3 521 000	-3 279 000	-6 172 549
Driftsutgifter	12 527 450	14 345 792	12 297 086	16 561 753
Finansinntekter	-60 000	-60 000	-60 000	-119 852
Finansutgifter	1 241 700	1 241 700	1 241 700	1 218 516
Netto driftsutgifter	9 006 450	10 824 792	9 018 086	10 389 204
Netto finansutgifter	1 181 700	1 181 700	1 181 700	1 098 664
Netto utgifter	10 188 150	12 006 492	10 199 786	11 487 868

Kultur	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022	Sum
---------------	---------	---------	---------	---------	-----

Innlagde tiltak:					
Summen av tiltak	0	0	0	0	0

Rådmannens kommentarar:

Rådmannen syner til einingsleiar sine grundige kommentarar. Det blir utført mykje godt og viktig arbeid blant kulturmedarbeidarane i kommunen. Det er dessverre ikkje funne rom for dei ønska driftstiltaka gjennom ein auke av kulturbudsjettet.

Når det gjeld eininga sine investeringsforslag på kulturområdet, så vil dette måtte sjåast i samanheng med andre planlagde investeringar på tilknytta einingar. Rådmannen tenkjer her på ny sentrumsskule, der både nytt kulturskuleareal og ny idrettshall ligg inne i planane. Det er også ein pågåande diskusjon med fylkeskommunen, der dei kan vere interessert i å kome inn i planlegging/finansiering av utbetring av Storhallen, og dette prosjektet treng å avklarast nærare før kommunen prioriterer eit slikt tiltak.


Det er derfor ikkje funne rom for utbetringar på desse områda.

Når det gjeld kunstgrasbana så uttalte kommunestyret i K-sak 17/18 at prioritering av tiltaket vert å kome tilbake til ved oppsett av økonomiplan/investeringsplan for 2019-2023. Rådmannen har ikkje tatt med dette i sitt utkast til økonomiplan/investeringsplan for perioden 2018-2022.

I motsetning til inneverande år, foreslår ikkje rådmannen nedskjeringar i drifta ved kulturavdelinga for 2019. Det betyr at noverande driftsnivå innan kulturskule, «korps i skulen», bibliotek og kulturavdelinga elles kan vidareførast på dagens nivå.

19 Næring

	Rdm 2019	Eining 2019	B 2018	R 2017
Netto utgifter	1 381 000	1 381 000	1 169 000	806 724



	Rdm 2019	Eining 2019	B 2018	R 2017
Driftsinntekter	-660 000	-660 000	-660 000	-1 539 175
Driftsutgifter	2 193 000	2 041 000	1 829 000	2 000 521
Finansinntekter	-152 000			
Finansutgifter				345 378
Netto driftsutgifter	1 533 000	1 381 000	1 169 000	461 346
Netto finansutgifter	-152 000	0	0	345 378
Netto utgifter	1 381 000	1 381 000	1 169 000	806 724


Næring	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022	Sum
Innlagde tiltak:					
Vidareføring støtte, Designvegen	212 000	13 500	0	0	225 500
Summen av tiltak	212 000	13 500	0	0	225 500

Rådmannens kommentarar:

Det er lagt inn midlar til Designvegen i samsvar med vedteken økonomiplan og medteke at forsinka oppstart medfører at 2018-tilskotet vert utbetalt i 2019.

20 Tekniske tenester

	Rdm 2019	Eining 2019	B 2018	R 2017
Netto utgifter	52 633 670	56 803 942	52 264 818	52 758 096



Tekniske tenester	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022	Sum
Innlagde tiltak:					
Innleige brannsyn	100 000	100 000	100 000	100 000	400 000
Summen av tiltak	100 000	100 000	100 000	100 000	400 000

Rådmannens kommentarar:

Eininga har i dag 8 fagområde: Brann/redning/feiring, byggesak, geodata, landbruk, miljø, plan, vedlikehald, bygg/eigedom, vedlikehald vegar/anlegg.


Det er anbefalt å bruke om lag 5,8 mill årlig på vedlikehald av kommunale bygg i året. Dagens ressursar til vedlikehald medfører at bygningsmassen forfell og kommunen sine verdiar vert gradvis redusert. Dessverre er det ikkje funne rom for ei auke i vedlikehaldet.

Eininga har foreslått auka vaktmeisterressurs. Vi har få vaktmeistara samanlikna med behovet for desse tenestene. Sjå utfyllande notat i frå einingane om ulike forslag til tiltak. Rådmann har dessverre ikkje funne rom for desse i budsjettet. Ein har funne rom for å auke innkjøp av brannsyn med 100 000 kr.

På investeringssida er der også mange tiltak ein gjerne skulle ha prioritert m.a. kommunale bygg, flaumsikring, fornying av verneutstyr og beredskapsutstyr mm. Sjå utfyllande notat i frå einingane om forslag til investering. Rådmann har vedkomande investeringar følgd dei prioriteringane kommunestyret vedtok i fjor.

21 Kommuneleiing:

	Rdm 2019	Eining 2019	B 2018	R 2017
Netto utgifter	13 543 713	13 543 713	12 751 792	12 647 936



Kommuneleiinga	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022	Sum
Innlagde tiltak:					
Beredskap	390 000	390 000	390 000	390 000	1 560 000
Summen av tiltak	390 000	390 000	390 000	390 000	1 560 000


Rådmannens kommentarar:

Tidlegare dekkja fylkesmannen i Møre og Romsdal kommunane sine tilskot til Åknes Tafjord beredskap IKS. Etter at NVE overtok overvakingsdelen som låg til dette selskapet har fylkesmannen slutta å gi tilskot.

Det er styret i IKS-et som fastset deltakarkommunane sine bidrag.

22 Fellestenestene:

	Rdm 2019	Eining 2019	B 2018	R 2017
Netto utgifter	19 347 366	21 487 040	19 277 645	18 212 316



Fellestenestene	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022	Sum
Innlagde tiltak:					
Summen av tiltak	0	0	0	0	0

Rådmannens kommentarar:


Fellestenestene har oppgåver knytt mot HMS og beredskap, lønn og personal, arkiv og servicetorg, IKT og politisk sekretariat.

IKT er ein integrert del i nesten alt arbeid i kommunen. Eininga har fått auka driftskostnader på ei rekke områder knytt til IKT, mellom anna lisenskostnader. Det er heile kommunen som drar nytte av dette, men kostnadane ligg på fellestenestene. Dette er naudsynte utgifter kommunen må dekke. Ein vil sjå på høve til å fordele noko av kostnadene på den enkelte eining, viss ikkje bør budsjettet til Fellestenestene aukast. Eininga har påpeika behov for personalsjef, som mellom anna kan arbeide meir med strategisk arbeid og følgje opp krevjande personalsaker. Sjå utfyllande notat i frå einingane om forslag til tiltak. Rådmann har dessverre ikkje funne rom for desse tiltaka i budsjettet.

22.1 Om Kommuneleing og Fellestenester:


Kommunestyret står sjølvstøtt fritt til å gi einingar det budsjettet ein finn å ville gi. Likevel finn rådmannen det her naudsynt å rette merksemda mot Kommuneleing og Fellestenester.

Rekneskapane for åra 2011 tom 2017 syner slike netto utgifter:




Ved første augekast syner grafen her ein stødig auke.

Tek vi år 2011 som grunnlag og deflaterer alle tal til 2011-kroner (KMD sin deflator for lønns- og prisstiging i kommunal sektor er lagt til grunn) får vi slik utvikling:



Kommuneleing/Fellestenestene Absolutte og deflaterte tal



	R 2011	R 2012	R 2013	R 2014	R 2015	R 2016	R 2017
Absolutte tal	29 104 958	29 640 124	29 671 724	29 690 672	29 954 210	30 356 894	30 860 252
Deflaterte tal	29 104 958	28 707 142	27 818 980	27 025 917	26 473 009	26 126 942	25 932 985

På desse åra har altså løyvingane til Kommuneleing og Fellestenestene gått ned frå 29,1 til 25,9 2011-kroner.

Kutta vanskeleggjer oppfyljing av kommunale vedtak når det gjeld utgreingar, strategisk arbeid osv.

23 Politisk styring og kontroll (Kommunestyret)

Politisk styring og kontroll	Rdm 2019	Eining 2019	B 2018	R 2017
Netto utgifter	10 131 880	10 131 880	9 532 580	9 415 889



Kommunestyret	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022	Sum
---------------	---------	---------	---------	---------	-----

Innlagde tiltak:

Kommuneval og Stortingsval	249 306		249 306		498 612
Summen av tiltak	249 306	0	249 306	0	498 612


Rådmannens kommentarar:

Det er lagt inn midlar i 2019 og 2021 for kommune- og Stortingsval.

Investeringstilskotet til Sykkylven kyrkjelege fellesråd er i 2019 ført opp med kr 100 000 meir enn hittil gitt, grunna arbeid med flytting av gravminner.

24 Finansiering:

Finansiering	Rdm 2019	Eining 2019	B 2018	R 2017
Netto inntekter	-460 948 225	-446 625 154	-451 315 243	-429 883 513



	Rdm 2019	Eining 2019	B 2018	R 2017
Driftsinntekter	-451 688 430	-442 688 430	-433 615 430	-432 645 443
Driftsutgifter	-1 558 444	-1 558 444	-1 964 843	-547 967
Finansinntekter	-43 800 138	-38 477 067	-46 806 909	-54 848 385
Finansutgifter	36 098 787	36 098 787	31 071 939	58 158 282
Netto driftsutgifter	-453 246 874	-444 246 874	-435 580 273	-433 193 410
Netto finansutgifter	-7 701 351	-2 378 280	-15 734 970	3 309 897
Netto utgifter	-460 948 225	-446 625 154	-451 315 243	-429 883 513

FINANSIERING	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022	Sum
Opphøyr rentebyteavtalar		-3 557 173	-3 557 173	-3 557 173	-10 671 519
Endring botnfrådrag eigedomsskatt	-9 000 000	-9 000 000	-9 000 000	-9 000 000	-36 000 000
Auke 1 promille eigedomsskatt		-5 000 000	-5 000 000	-5 000 000	-15 000 000
Auke 1 promille eigedomsskatt			-5 000 000	-5 000 000	-10 000 000
Bruk av disposisjonsfond	-5 323 071	504 220	2 972 074	3 648 606	1 801 829
Ny kommunelov - Auka krav til minsteavdrag		1 000 000	1 000 000	1 000 000	3 000 000
Renteauke - Kommunalbankrente lagt til grunn		2 403 146	4 699 486	4 272 260	11 374 892
Summen av tiltak	0	3 403 146	5 699 486	5 272 260	14 374 892

Rådmannens kommentarar:

24.1 Rentebyteavtalar:

Avtale 181 208 230 har utløpsdato 17.12.2019 og avtale 70 000 000 har utløpsdato 05.02.2020

24.2 Eigedomsskatt:

Rådmannen går inn for at vedteke botnfrådrag kr 2 200 000 per bustadeining vert sett til kr 0 i botnfrådrag.

For å få budsjettet i balanse har rådmannen vurdert det naudsynt å ta med i sitt utkast at eigedomsskatten vidare vert auka med 1 promille i 2020 og nok ein promille i 2021. Det vert ikkje fremja endring i kva eigedomar som skal betale eigedomsskatt. (Same utskrivingsalternativ som tidlegare)

24.3 Disposisjonsfond:

Rådmannen har i utkastet teke med meir bruk av disposisjonsfond enn økonomiplan 2018-2021 legg opp til i år 2019, men samla over økonomiplanperioden er det mindre bruk av disposisjonsfond enn den førre økonomiplanen la opp til.

Sjå eige oppsett under punkt 8.

24.4 Auka krav til avdrag:

Ny kommunelov legg opp til at lånegjeld skal nedbetalast snøggare enn gamal kommunelov tillot.

24.5 Renteauke:

Kommunalbanken sitt råd om lånerente er lagt til grunn:

Kommunalbanken (3 mnd NIBOR + 0,6)	Sats
År 2019	2,04 %
År 2020	2,49 %
År 2021	2,92 %
År 2022	2,84 %

24.6 Utbytte frå Sykkylven Energi AS

Utbytte frå Sykkylven Energi AS er for økonomiplanperioden lagt inn med minimumsutbytte etter utbytteavtalen – kr 4 000 000, og ikkje utbytte i 2018 – kr 7 000 000.

